

Prosjektstønad kultur, idrett og fritid (4036)



Referansenummer: UWY4HU

Registrert dato: 04.09.2025 00:03:09

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå lokale lag og foreiningar. For søknadsfrist og annan relevant informasjon, sjå kommunens nettsider.

Opplysningar om føretak/lag/foreining

Organisasjonsnummer

935154979

Føretak/lag/foreining

Lag

Adresse

Smørklepp 146

Postnummer

3893

Poststad

VINJESVINGEN

Telefon

93621381

Telefaks

Bankkonto

263037929

Eventuelt forbund/organisasjon som laget er tilslutta

Opplysningar om kontaktperson

Førenamn

Kyrre Heldal

Etternamn

Kartveit

Adresse

Johan Hjorts vei 28

Postnummer

5081

Poststad

BERGEN

Telefon

93621381

E-post

kyrrekartveit@gmail.com

Nettadresse

Eventuelle undergrupper/avdelingar innanfor laget

Namnet på gruppa	Leiar	Telefon

Tiltaket

Vi søker om tilskott til

Arrangement

Grei nærmare ut om kva tilskottet skal brukast til

GAUKENfestivalen er ein ny, årviss musikk- og kulturfestival i Vinje, Telemark. Festivalen er ideell og har som formål å skape ein inkluderande møtestad for lokale, utflytte vinbyggjar og tilreisande kulturinteresserte i alle aldrar. GAUKENfestivalen skal fremje musikk, kunst, mat og fellesskap og spegle bygdeidentiteten og dei sterke tradisjonane for frivillige og kulturformidling som pregar Vinje.

Festivalen har eit tydeleg sosialt og kulturelt engasjement, og vil vere ei scene for både nye stemmer og etablerte artistar. Me ynskjer å vise fram og styrkje det lokale nærings- og kulturlivet gjennom samarbeid og samspel, og legg vekt på kjønnsbalanse, mangfald, miljøansvar og låg terskel for deltaking, både på scena og i organisasjonen. Me har ein visjon om å gje dei besøkande musikalske opplevingar dei verkeleg set pris på, sjølv om dei kanskje ikkje veit det på førehand.

Etablering og kjerneverdier

GAUKENfestivalen er etablert av kulturarbeidarar og musikkentusiastar med kjærleik til Vinje. Me er både lokale, innflyttarar og utflyttarar som ynskjer å skape eit lyft for kulturlivet i kommunen og landsdelen. Det ideelle laget som står bak festivalen blei stifta i 2025, og har som mål å byggje ei varig festivalrørsle med djupe røter i lokal identitet og stor takhøgde for nye impulsar. Me ynskjer også å fylle eit festival-vakuum etterlaten av den legendariske, lokale musikkfestivalen Bøgrend Autofest, som vinbyggjar framleis talar varmt om 13 år etter at den sist blei arrangert.

Namnet "GAUKEN" er eit nikk til både fuglen, Aasmund Olavsson Vinje si dikting og til den historiske bruken av namn på fugleartar i Vinje (til dømes medlemsblada til Vinje Ungdomslag - Hakkespetta og Spurven). Me ynskjer å vere ein festival med rom for både det høgstemde og det jordnære – ein arena der publikum og utøvarar møtast i ein seinsommaridyll i vakre Vinje. Festivalområdet i og rundt den gamle skulen, og no samfunnshuset, på Vinjar har tidlegare vore vertskap for mange kulturarrangement sidan det blei bygd på 60-talet, mykje takka vere ei sterk dugnadsånd. Også i eldre tider var det spel og dans på den gamle leikvollen ved bredden til Vinjevatn. GAUKENfestivalen står difor på skuldrane av ei rekkje generasjonar av kulturarrangørar og dugnadsarbeidarar i hjartet av Vinje.

Ansvarleg arrangør

GAUKENfestivalen blir arrangert av eit ideelt lag som står juridisk og økonomisk ansvarleg for festivalen. Laget er sjølvvegande, utan kommersielt føremål, og har som mål å utvikle ein inkluderande festival med lokal forankring og brei kulturell verdi.

Festivalen er organisert med eit styre som fungerer som overordna strategisk og rådgjevande organ. Styret har ansvar for retning, budsjettammer, profil og samarbeid med offentlege og private aktørar. Styremedlemmene har ulik bakgrunn frå kulturarbeid, frivilligheit, organisasjonsarbeid og lokalt engasjement. Dei tek til vanleg ikkje del i den daglege drifta, men bidreg med strategisk støtte og kvalitetssikring. Styret består av (i alfabetisk rekkjefølgje): Aasmund Nordstoga, Kyrre Einar Hegg, Kyrre Heldal Kartveit, Mariann Bjørnelv og Sigrid Vesaas.

Den praktiske gjennomføringa av festivalen blir vareteken av festivalleiinga, ei utøvande gruppe som arbeider med alt frå booking og programutvikling, til logistikk, frivilligkoordinering og kommunikasjon. Denne gruppa står for festivalen sitt daglege arbeid og er ansvarleg for at idéar blir omsett til handling. Festivalleiinga består av (i alfabetisk

rekkefølge): Ea Kristine Bakken, Kyrre Heldal Kartveit, Lillian Santos Herberg, Monica Santos Herberg og Signe Vinje.

Innhald og program

GAUKENfestivalen 2026 skal vere ein festival over to dagar med hovudvekt på musikk innan sjangrane pop og rock, elektronika, jazz og folkemusikk, men også med innslag av kunst, samtale, lokalmat, aktivitetar og barneprogram. Festivalen skal ha ei scene for konsertar med artistar frå ulike sjangrar, med særleg vekt på norsk og nordisk musikk. Me er sikre på at det er fullt mogleg å lage ein festival som tiltrekk seg tilreisande frå heile landet, utan å byggje festivalprofilen på dyre utanlandske artistar med store tilhøyrande kostnader. I tillegg til eit framoverlent musikalsk program, planlegg me:

ein matarena/matmarknad/mattun der lokale produsentar får synleggjere seg

ei kunsthøype eller utstillingar i samspel med lokale kunstnarar

barneprogram på dagtid

aktivitetar/kurs for vaksne og ungdom

møteplassar for bygdefolk, tilreisande og kulturaktørar

andre kulturelle opplevingar som til dømes humorshow og bygdebingo

Søknadssum [NOK]

100000

Tilknytting til kommunen

Gjeld søknaden for eit lag / ei foreining utanfor kommunen, men med kulturtilbod til denne kommunen

☒ Nei

Laget/foreininga gjev kulturtilbod innafor

☒ Fleire kommunar

Namn på kommunen(-ane)

Heile Vest-Telemark

Inntekter/utgifter

Før opp faktiske inntekter og utgifter for det siste rekneskapsåret.

Spesifikasjon av inntekter

Medlemskontingentar

0

Kommunale tilskott

0

Andre tilskott

0

Eigne arrangement

0

Andre inntekter

1

Sum inntekter

1

Spesifikasjon av utgifter

Husleige

0

Kontingentar	0
Faste driftsutgifter	0
Kurs/instruktør	0
Diverse utgifter	1
Sum utgifter	1
Balanse	
Kontantar kasse/bank	0
Eigedommar	0
Fordringar/utestående krav	0
Sum eigendelar	
Gjeld	0
Eigenkapital	
01.09.2025	
Blir årsmeldinga lagd ved elektronisk?	
☐ Ja ☒ Nei	
Utdrag av årsmeldinga	
Nyoppstarta, ingen årsmelding	

Vedlagt dokumentliste

Gaukenfestivalen_budsjett_2026_struktur.xlsx